

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 152/2006

av 8. desember 2006

om endring av vedlegg IX til EØS-avtala (Finansielle tenester)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla ”avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg IX til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 130/2006 av 27. oktober 2006⁽¹⁾.
- 2) Kommisjonsdirektiv 2006/70/EF av 1. august 2006 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/60/EF med omsyn til definisjonen av ”politisk utsett person” og dei tekniske kriteria for forenkla framgangsmåtar for kundekontroll og for unntak i tilfelle der finansiell verksemd vert driven tilfeldig eller i svært avgrensa omfang⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg IX til avtala etter nr. 23b (europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/60/EF) skal nytt nr. 23ba lyde:

”23ba. **32006 L 0070**: Kommisjonsdirektiv 2006/70/EF av 1. august 2006 om fastsetjing av gjennomføringstiltak for europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/60/EF med omsyn til definisjonen av ”politisk utsett person” og dei tekniske kriteria for forenkla framgangsmåtar for kundekontroll og for unntak i tilfelle der finansiell verksemd vert driven tilfeldig eller i svært avgrensa omfang (EUT L 214 av 4.8.2006, s. 29).”

Artikkel 2

Teksta til direktiv 2006/70/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*, skal verte gyldig.

⁽¹⁾ TEU L 366 av 21.12.2006, s. 68, og EØS-tillegget til TEU nr. 64 av 21.12.2006, s. 2.

⁽²⁾ TEU L 214 av 4.8.2006, s. 29.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 9. desember 2006, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske union*.

Utferda i Brussel, 8. desember 2006.

*For EØS-komiteen
Formann*

Oda Helen Sletnes

Sekretærer for EØS-komiteen

Lilja Viðarsdóttir Matthias Brinkmann

^(*) Forfatningsrettslege krav oppgjevne.